

Ståle Rossgård
e-post: stale.rossgard@gmail.com
tlf. 97967100
Ystebørenen 20
5939 Sletta.

Stetta 15. sep. 2022

Alver kommune
post@alver.kommune.no

5906 Frekhaug

Innspel til kommuneplanens arealdel pr. 15. sept 2022.

I gjeldande kommuneplanen for tidlegare Radøy kommune ligg deler av landbruks-eigedommen min gnr499, bnr11,12 og 13, inne som bustad- og hytteområde. I tillegg er det avsett eit mindre areal for småbåthamn og flytebrygge.

Infrastruktur slik som tilkomstveg, kommunalt vatn, ny el.forsyning og avlaup (med godkjent utsleppsløyve til sjø for inntil 50-bueiningar) er etablert. Berre ein del av bustadarealet er førebels detaljregulert.

I samband med opparbeiding, utskilling og salg av dei enskilde tomtane, finn eg at arealdelen som hittil ikkje er detaljregulert treng å justerast.

I Slette-bygda er det stor trong for ytterlegare område for småbåthamn, flytebryggjer og naust. Utleige av bryggeplass og naust til dømes for reiskap, kajakk og båt har også synt seg å bli ei viktig tilleggsnæring for landbruket.

Innspelet mitt vil såleis etter dette vere delt i 4 deler:

1. Justering av av grensene for arealdelen på bnr11 og bnr12.
Sjå Vedlegg 1.
2. Etablere areal for naust- og småbåthamn på bnr11.
 - a. Er primært tenkt som utleige til dei som buset seg på Ystebørenen, men også for bygdefolket elles.
 - b. Innspelet er tidlegare sendt til Radøy kommune, men innspelet måtte utsetjast det då kun var ein delrevisjon av kommuneplanen.
Sjå Vedlegg 2.
3. Setje av eit lite område for utleigenaust nord for gnr499bnr121.
 - a. Er tenkt å nyttast av dei som leiger båt plass i flytebryggja for oppbevaring av fiskeutstyr, motorar mv.
Sjå Vedlegg 3.
4. Setje av eit lite areal for Fridtids- og turisme.
 - a. Nyttast til naust og sløyebod for utleigehyttene.

- b. Nyttast som parkeringsplass for av leigetakarane i flytebygga.
5. Rette opp i arealet for fritidsområdet i sjø (SFS).
 - a. Sjå Vedlegg 3.

Dersom noko skulle vere uklart eller ytterlegare informasjon er naudsynt, ber eg om tilbakemelding om dette, og eg stiller gjerne på eit møte dersom det skulle vere ynskjeleg.


Med venleg helsing



Ståle Rossgård

Vedlegg:

1. Arealplan gnr499bnr11 og 12.pdf
2. InnspelDelrevisjonAreal2015.pdf
3. HB, Fritids- og Turistformål 2.pdf



Arealet tas bort fra bnr 12

Disse Arealene inkluderes i boligarealet på bnr11. Dvs gul farge

499/12

499/11

499/160

499/159

499/152

499/155

499/151

499/150

499/38

499/90

499/13

499/90

499/98

499/107

499/38

499/93

Yst

Kløbøen

Ståle Rossgård

Ystebøreenen 20

5939 Sletta

Sletta 20.01.15

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

INNSPEL TIL DELREVISJON AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Viser til kunngjort planprogram for delrevisjon av kommuneplanens arealdel.

Kyst- og strandsona er eitt av fokusområda i revisjonen og det blir opna for nye tiltak i sjø, småbåthamner og naustområde:

Nye tiltak i sjø, behov for småbåthamner og naustområde vil verte vurdert i samband med arbeidet med revidert kommuneplan for Radøy.

I høyringsrunden på sjøive planprogrammet har kommunen mottatt mange positive tilbakemeldingar frå styresmaktene:

- Det er positivt at kommunen vil sjå heilskapleg på strandsona i arbeidet og vurdere nye tiltak i sjø, behov for småbåthamner og naustområde.
- Når det gjeld plantemaet funksjonell strandsona, må ein i planarbeidet ta særleg omsyn til ålmenn tilgjenge og regionale føringar for landskap, friluftsliv og biologisk mangfald.
- Hfl. har som formål å legge til rette for god frekommelighet, trygg ferdsle og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med almenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer
- Der det vert opna for konsentrert naustutbygging, skal påskrifta "naust" leggst på plankartet.
- Eksisterande småbåthamner er gjort mindre i omfang, og grensene er tekne bort frå land slik at det vert tilgjengeleg med open farlei mellom land og småbåthamn.
- Fylkesmannen vil nemne at parkering ofte pressar seg fram i tilknytning til småbåthamnene.
- Vert det eit press om parkering, bør dette berre plasserast der det best kan leggst til rette forparkering, helst lengst mogleg vekk frå sjø.
- Det er bra at naust er definert som uthus i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr og anna.

I Austebygd - frå Valdersnes i nord til Snekkevika sør - er der 3 småbåthamner/naustområde. Det er stort sett fullt i alle hamnene og særleg på Sletta og i Valdersneset er mange av brukarane hyttefolk. Fleire fastbuande på Sletta har elles leigd seg

inn i småbåthamna på Nordanger.

På Sletta har me to bustadområde under utbygging: Stølane og Ystebørenen, og i tillegg er *Sletta Kai og Fritid* under etablering. Alle områda vil ha trong for tilgang til naust og småbåthamn.

Det gamle naustområdet på min eigedom mellom naustet på 99/77 og naustet på 99/15 er svært godt eigna både som naust- og småbåthamn. I dette området ligg dei gamle naustlunnane for 99/11 og 12 og det er bilveg, straum og kommunalt vatn fram til området. Om naudsynt vil det kreve minimale terrenginngrep for å opparbeida nye parkeringsplassar i bustadområdet. Parkeringsplassar som både fysisk og visuelt kan trekkjast bort frå strandsona.

Elles ligg sjøområdet her utafor skipsleia og vil såleis ikkje påverka denne på noko som helst måte. Området oppfyller såleis alle kriteriene som styresmaktene har kommentert på.

Som grunneigar ynskjer eg ei fortetting av naustområdet, og i tillegg ynskjer eg at det tilstøytande sjøområdet blir kartlagt som småbåthamn. Sjå kartutsnitt av arealplanen nedanfor.

Eg ber derfor om at det skisserte naustområdet med tilhøyrande sjøområde for småbåthamn, blir teken inn i den reviderte arealplanen.

Avslutningsvis vil eg nemne at eg i brev av 9. november 2010 og 14. juni 2011 meldte same sak inn til kommunen i samband med rulleringa av kommuneplanen. På ei eller annan måte glapp det for innspelet. Eg fekk fylgjeleg heller inga tilbakemelding eller kom i dialog med kommunen.

I planprogrammet er INFORMASJON OG MEDVERKNAD tatt inn som eige avsnitt. Ser derfor fram til ein god dialog og at innspelet blir tatt med i den kommande planprosessen.

Venleg helsing



Ståle Rossgård

Vedlegg: Kartutsnitt kommuneplanen

Vedlegg / Utsnitt
kommuneplanens
arealdel

